

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.02.2016
13/2016	Kommunestyret	PS	29.02.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 141	14/1401

**KOMMUNEPLANARBEIDET - STATUS OG FRAMDRIFT****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Vaksdal vedtek at arbeidet med samfunnsdelen held opprinnelig framdriftsplan med vedtak og kunngjering i juni. Arealdelen til kommuneplanen vert føreslått skyvd med 6 mnd.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 10/2016****FPØ - Behandling:**

Samråystes vedtak.

**FPØ - Tiltråding:**

Kommunestyret i Vaksdal vedtek at arbeidet med samfunnsdelen held opprinnelig framdriftsplan med vedtak og kunngjering i juni. Arealdelen til kommuneplanen vert føreslått skyvd med 6 mnd.

**Kommunestyret - Sak 13/2016****KOM - Behandling:**

Samråystes vedtak.

**KOM - Vedtak:**

Kommunestyret i Vaksdal vedtek at arbeidet med samfunnsdelen held opprinnelig framdriftsplan med vedtak og kunngjering i juni. Arealdelen til kommuneplanen vert føreslått skyvd med 6 mnd.

**Saksopplysningar:****STATUS:**

Samfunnsdelen i kommuneplanen kviler på eit verdigrunnlag og hovudmålsettingar, som vart utarbeidd i kommunestyret 25. januar. I skrivande stund er ikkje dette gjennomført, og status og vidare arbeid vil kvile på denne «verdidugnaden», som vil vere grunnlag for planomtalen, som igjen vil verte innkorta til ein spissa samfunnsplan. Dette vil vonaleg vere klart til neste formannskapsmøte, men er knytt til utfallet av «verdidugnaden».

Arealdelen

Dei mange innspela frå Bergsdalen gjer at eige møte med grunneigarar til gardsbruka i dalen er invitert til møte i Heradstyresalen 28. januar. Fokuset er vekst og utvikling, og Nils Akselberg frå Myrkdalen er invitert.

Det skal gjennomførast ein intern planverkstad i *eining for samfunnsutvikling*, for å rydde i gamle arealdisponeringar, samt konkretisere nye ut frå kjente behov.

Den digitale medverknadsmetoden *Barnetråkk* skal gjennomførast i utvalte skuleklassar i februar.

I desember 2015 kom vedtaket om å satse på E16, K5 Arna-Stanghelle, samt utbetring Stanghelle-Voss. Samferdselsdepartementet har lagt til grunn at planleggingsnivå vert statleg plan direkte til reguleringsplannivå. I vår kjem avklaring om K5 vert prioritert med bevilling i komande Nasjonal transportplan. Det er no ei avklaringsfase for å ta stilling til kva dette inneber for Vaksdal, også for rullering av arealdelen av kommuneplanen.

Mogelegheitsstudiet for vekst og utvikling langs E16/bane vert ferdigstilt og publisert i månadsrkifte januar/februar. I kva grad me ynskjer å nytte resultata frå dette studiet bør bearbeidast.

Det er også kome søknad frå Dale Fabrikker AS om asylmottak med 211 sengeplassar. For den langsigchte utviklingen av området må det arbeidast med kvalitetsløysingar som ryggrad for styrkt utvikling av området.

## Vurdering

Det er flere store samfunnsmessige utfordringar og planinnspele som med fordel kan bearbeidast noko meir før kommuneplanarbeidet for arealdelen går inn i sluttfase.

## Konklusjon

Arbeidet med samfunnssdelen held oprinneleg framdriftsplan med vedtak og kunngjering i juni. Arealdelen til kommuneplanen vert føreslått skyvd med inntil 6 mnd, med revidert vedtak og kunngjering i desember (ev. januar 2017). Sjå figur under;

## Revidert milepælsplan for gjenstående periode (2015 er ikkje vist);

	2015	2016											
Prosess/tid	jan	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	august	Sept	Okt	Nov	Des
Utarbeide planprogram													
planframlegg planprogram													
Offentleg høyring													
Ev. bearbeiding													
Vedtak planprogram													
Kunngjering av planprogram													
utarbeide stedsutvikling, stasjonsbyane													
Kick off, halv dag, adm+formannskap													
Folkemøter, ope kontor mm.													
Utarbeiding av kommuneplan													
Vurdere endringer. Alternative løsninger													
Møte i styringsgruppa													
Utredningsfase, konsekvensutredninger													
Utarbeide forslag til høyringsutkast					Arealdel								
Møte i styringsgruppa			Yellow						Yellow				
Planforum				Red						Red			
KOM planframlegg kommuneplan				Samf.del						Arealdel			
Offentleg høyring kommuneplan					medverknad						medverknad		
Vedtatt kommuneplan							Samf.del						Arealdel
Kunngjering								Green					

